



Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Ved Velaug Veum  
fylkesdirektør for samferdsle  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

## INNSPEL TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN SOGN OG FJORDANE - HANDLINGSPROGRAMMET 2014-2017.

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Riksveg og Fylkesveg 13 som Fjordvegen er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen har Riksvegstatus på strekninga Sandnes- Jøsandal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (- med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde og turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde-Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal - Forsand.

Selskapet sitt føremål er

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne kan få ein gjennomgåande høg standard med gul midtstripe for heile strekninga
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv, trygg og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

I året 2012 hadde selskapet 15 kommunar, 2 regionråd, 5 næringsforeingar, 3 fylkeskommunar og 4 verksemdar som medlemar.

Selskapet I/S Fjordvegen Rute 13 kan dessverre ikkje sjå eit einaste tiltak på Fylkesveg 13 mellom Dragsvik i Balestrand og Moskog i Førde i Handlingsprogrammet til RTP for S&F Fylkeskommune i komande 4 årsperiode. Me vil på bakgrunn av dette tillata oss å peika på følgjande:

1. Tiltaksplan for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.
  - a. Fv 13 er Nasjonal Turistveg og I/S Fjordvegen vil be om at dette vert fokusert og teke med i prioriteringane i S&F Fylkeskommune. Både vegbanestandard, vegkantsikring, rastryggleik og framkome er avgjerande for korleis Nasjonal Turistveg Gaularfjellet vert opplevd som eit positivt image for reiselivsfylket Sogn og Fjordane. Det er derfor viktig at S&F Fylkeskommune saman med Nasjonale Turistvegar utarbeider ein tiltaksplan for NTGaularfjellet i samråd med kommunane Balestrand, Gaular og Førde.
  - b. I/S Fjordvegen ber også S&F Fylkeskommune om å ta initiativ til å skunda på utbygginga av den ferdig planlagde Turistvegpunktet Utsikten.
    2. Gaularfjellet treng akutt tiltak.

Vegen over Gaularfjellet er 75 år og framleis viktig kontaktåre

- a. Svingane opp frå Vetlefjorden har vegskuldrar og støypekantar som held på å siga ut. Her er fare for utforkøyringar med tragisk utgang og I/S Fjordvegen.
  - b. Asfaltdekket på deler av fjellstrekninga er i trafikkfarleg stand og må utbetrast.
3. Rørvikfjellet er viktig pendlarveg

Vegen frå Eldalsosen til Moskog er også ein viktig pendlarveg og treng standardheving.

I/S Fjordvegen vil med dette be om at Fylkesveg 13 mellom Dagsvik og Moskog vert prioritert med nødvendige tiltak i komande Handlingsprogram for RNT i S&F Fylkeskommune. I første programperiode prioriterer IS Fjordvegen Rute 13 vegoppgradering og støypekant strekninga Vetlefjorden-Utsikten og i neste programperiode må Nasjonal Turistveg Gaularfjellet få ei generell opprusting.

Kinsarvik 06.11.2013

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar